

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Skåbu oppvekst - vurdering av ungdomstrinnet

| | | | |
|--|--------|-------------|---------------|
| Utval | Saksnr | Møtedato | Saksbehandlar |
| Utval for helse-, oppvekst- og kultursaker | 042/17 | 14.06.2017 | Irene Nystad |
| Kommunestyret | 055/17 | 20.06.2017 | Irene Nystad |
| Saksansvarleg | Arkiv | Arkivsaknr. | 17/820 |
| Irene Nystad | , | Journalpost | 17/7598 |

Vedlegg:

- 1 ÅRSBUDSJETT 2010 OG ØKONOMIPLAN 2010-2013
- 2 Orienteringssak - elevtalsutviklinga ved Skåbu skole
- 3 Skåbu Oppvekst utan ungdomsskole - økonomisk kalkyle
- 4 Informasjon om Skåbu oppvekst juni 2017
- 5 Artikkelsamling LUFSS (Landslaget for udelt og fådelt skole):
Læringsarbeid i aktive nærmiljøskoler med aldersblanding
- 6 Brev fra FAU Skåbu skole: sak om ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst

Oppsummering av saka:

Ordføraren bad (K-styremøte 14.2.17) administrasjonen om å legge fram sak våren 2017, om skulestruktur med utgangspunkt i lågt elevtal generelt og med spesielt fokus på nedgangen i elevtalet på ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst og tema rundt overgang frå grunnskole til vidaregåande skole.

Administrasjonen legg fram sak for HOK og KS, der kommunestyret blir invitert til å gjøre vedtak om å starte formell sak knytt til skulestruktur i Skåbu, primært med vurdering av om kommunen skal halde fram med eige ungdomsskole ved Skåbu oppvekst.

Bakgrunn for saka:

Skulestrukturen i Nord-Fron kommune med fokus på Skåbu oppvekst, har vore tema i samband med budsjettbehandling fleire gong seinare år. I budsjettsak hausten 2002 (budsjett / økoplan 2003-2006) og hausten 2009 (budsjett / økoplan 2010- 2013) var eit av fleire innsparingstiltak, forslag om å flytte ungdomstrinnet frå Skåbu til Vinstra ungdomsskole.

I K-styremøte 15.12.09, sak 64/09, gjorde K-styret slikt vedtak:

« Kommunestyret vedtek at ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst blir oppretthalde inntil vidare, i påvente av ei positiv elevtalsutvikling. Kommunestyret meiner vidare at den dagen elevtalet på ungdomssteget ved Skåbu oppvekst ikkje lengre støttar kravet til læring og fagleg utvikling, så må dette vurderast nærare gjennom ein grundig politisk prosess.»

I Budsjettdokument hausten 2015, for budsjett / økoplan 2016-2019, er det igjen vist til tekstvedtaket frå K-sak 64/09.

HOK fekk i møte 8.6.2016, sak 54/16, orientering om elevtalsutviklinga ved Skåbu oppvekst. HOK bad i møtet om å få ei årleg oppdatering på elevtalsutvikling og status og planer for prosjekt/utviklingsarbeid ved Skåbu oppvekst.



Ungdomsrådet bad i møte 17.1.2017, sak 4/17, K-styret om å sjå på skolestrukturen med utgangspunkt i at elevtalet ved Skåbu skole går ned, og med spesielt fokus på at det er få elevar på ungdomstrinnet.

I K-styremøte 14.2.17, sak 12/17, viste ordføreren til protokollen frå ungdomsrådet, sak 4/17, og bad administrasjonen om å legge fram sak om tema, våren 2017.

Elevtalsutvikling

Barnekulla i Skåbu er ganske stabile med 3 - 4 elevar i 1. kl. Skoleåret 2019/20 (født 2013) vil det vere berre 1 elev i første klasse.

(Tal oppdatert 2016)




Prognose for elevtal ved ungdomstrinnet, Skåbu oppvekst
(Tal oppdatert 2016)



Skoleåret 2016/17 har Skåbu ungdomsskole 9 elevar i ungdomsskolen. Prognosen viser elevtal på under 10 fram til skoleåret 2021/22, over 10 ei periode fram til 2026/27, før det igjen går ned til 10 elevar. Prognose basert på fødselstal.

Gjesteelevar ved Skåbu oppvekst: (Tal oppdatert 2016)




Elevar frå Sør-Fron som bor i Espedalen, har gått på Skåbu skole. I tillegg til elevar frå Sør-Fron, er det barn frå andre kommunar i fosterheim i Skåbu.

Gjesteelevar har utgjort ein ganske stor del av elevgrunnlaget ved Skåbu oppvekst, men talet er redusert dei siste åra. Det er usikkert om elevane frå Sør-Fron fortsatt vil ha skoleplass i Nord-Fron dersom ungdomsskolen blir flytta frå Skåbu til Vinstra.

Elevtalet blir også påverka av at det våren 2017 er innvilga 3 søknadar om skolebytte frå Skåbu til Vinstra ungdomsskole. Elevtalet ved ungdomstrinnet i Skåbu vil med bakgrunn i dette, bli ytterlegare redusert dei neste 3 skoleåra og blir: **6** elevar i 2017/18 (minus 3), **6** elevar i 2018/19 (minus 2) og **8** elevar i 2019/20 (minus 1). Ungdomsskolen i Skåbu vil i heile perioden vere ein liten skole.

Prognose elevtal ungdomstrinnet, samla for Nord-Fron. (Tal oppdatert 2016)



Elevtalet i grunnskolen i kommunen går ned og tabellen viser utslaget det har for ungdomsskolen. Det var ein topp skoleåret 2013/14 med over 250 elevar. Etter det er det reduksjon kvart år fram mot 2028/29.

Dersom det blir aktuelt å slå saman ungdomstrinnet i Skåbu og på Vinstra, er det god plass på Vinstra ungdomsskole til heile ungdomstrinnet i Nord-Fron.

Økonomi

Om ein slår saman ungdomstrinna, får vi ein forventta kostnadsreduksjon knytt til lærarressurs, mens ein må forvente ei lita auke i skyskostnader.

Det er estimert med utgangspunkt i timemodellen, som ligg til grunn for gjeldande økonomiplan.

I timemodellen vil da fast ressurs for Skåbu bli endra frå kombinert skole til barneskole, og talet på elevar er redusert i tråd med bortfall av elevar ved ungdomsskoletrinnet.

I tillegg er det, i samråd med verksemdsleiar, teke høgde for om lag 20% innsparing på andre postar samt noko redusert inntekt gjennom mindre refusjon frå andre kommunar.

Samla gir det ei estimert innsparing på om lag 1,4 mill. kr. årleg i Skåbu. Tilsvarande er det timemodellen lagt inn auke i talet på elevar ved Vinstra ungdomsskole, i tråd med talet på elevar frå ungdomsskoletrinnet i Skåbu. Dette gir ein auka kostnad på om lag kr. 500.000.

Netto innsparing dersom ein tek omsyn både til reduserte kostnader ved Skåbu oppvekst og auka kostnader ved Vinstra ungdomsskole, blir dermed om lag kr. 900.000 årleg.

I tillegg kjem dei auka skysskostnadene. Om vi legg til grunn takstane som i dag og forutsett same bustad for elevane, vil meirkostnaden for skyss vere ca. kr. 30.000.

Flytting av ungdomsskolen frå Skåbu til Vinstra ungdomsskole vil gi ei årleg innsparing i intervallet kr. 800.000 - 900.000.

Sjå vedlegg: Skåbu oppvekst utan ungdomsskole – økonomisk kalkyle.

Læringsmiljø, læringsutbytte og sosialt miljø i små kontra store skolar

I drøftinga er brukt erfaring frå andre kommunar og resultat frå ulik forskning om læringsmiljø på små og store skolar. Det er viktig å hugse på at i internasjonal forskning er definisjonen på liten skole; ein skolen med mindre enn 300 elevar.

I Norge er ein liten skole; ein skole med mindre enn 50 elevar.

All forskning viser at det er måten skolen blir drive på som er avgjerande for kvalitet, og ikkje om skolen er liten eller stor.

I ei stor undersøking i dansk skole (Hattie, 2008 og 2011) er det vurdert korleis ulike faktorar som skolestorleik, leiing, lærarkompetanse, organisering, fysisk og sosialt miljø, sosiale normer, heim/skole samarbeid med meir, verkar inn på elevane si læring. Av 138 faktorar, rangert etter kor viktige dei er, kjem storleiken på skole som nr. 130.

I følgje Hattie lærer elevane på middelsstore skolar best. Årsaken er at skolar med «ein viss storleik» er best på lærarsamarbeid og her er det lettast å skaffe og halde på kompetanse. I tillegg er det sosiale miljøet så stort at elevane kan velje venner og samarbeidspartar, og dette er viktig.

Ein anna forskar (Ryan Grauer, 2013) viser til at elevane på mindre skolar har det betre, opplever større fysisk tryggleik og har høgare grad av «opplevd psykisk tryggleik».

All forskning viser at små skolar har mange gode kvalitetar. I små skolemiljø er det enklare å få til god tilpassing til den enkelte samtidig som elevane blir meir sjølvstendige og tør å stole på seg sjølve.

Skåbu er eit godt døme på ein liten skole som blir drevet godt og der elevane oppnår gode resultat. Både elevundersøking, resultat på nasjonale prøvar og avsluttande karakterar i 10. klasse, viser at nivået i Skåbu oppvekst ligg høgt.

Sjå vedlegg: Informasjon om Skåbu oppvekst juni 2017.

Det finns ikkje argument for å legge ned ein skole fordi den er liten, med mindre den blir for liten. Det er vanskeleg å sette ein grense for når det er for få elevar til at det er mogleg å drive ein god skole. Forskarar har sagt dette om kva som kan vere signal om at ein skole er for liten:

- ein skole blir så liten at elevar opplever at det er vanskeleg å finne venner.
- læringsmiljøet blir «fattig» når det blir få elevar fordi elevar lærer av kvarandre.
- det blir vanskeleg å dekke fagbehovet fordi det blir for få lærarar.
- det blir vanskeleg å rekruttere lærarar.

Professor og skoleforskar Thomas Nordahl (Høgskolen i Innlandet) har rangert viktige faktorar for ein god skole slik:

- Det viktigst er å ha venner.
- Lærerne må vere vaksne og tydelege.
- God leiing av skolen.
- Skolen må ha god struktur.
- Eleven må jobbe på skolen.
- Foreldre bør snakke positivt om skolen.
- Fedre bør engasjere seg i skolen.

Thomas Nordahl er tydeleg på at det er avgjerande for læring at elevane har venner i skolemiljøet. I veldig små miljøer blir utvalet for lite og det er ikkje mogleg å finne venner. Nordahl kan heller ikkje definere ein nedre grense på elevtalet, men har uttalt seg slik i samband med ei skolestruktursak i Verdal kommune i Nord-Trøndelag: «med berre 34 elevar ved oppvekstsenteret, kan det vere problematisk å drive ein god skole».

Arbeidsmåtar som kompenserer for at skolen har få elevar

Små skolar kan kompensere for at det er for få elevar til deling og at det er eit lite læringsmiljø, gjennom måten det blir jobba på. Skåbu oppvekst jobbar godt på fleire områder gjennom å vere organisert som oppvekstsenter, jobbe aldersblanda, ha tett samarbeid med andre skolar, nasjonalt og internasjonalt, jobbe nettbasert og ha tett samarbeide med ulike fagområder i nærmiljøet. Skåbu oppvekst er Noregs første entreprenørsskapskole og entreprenørskap som arbeidsmetode blir nytta på alle trinn på Skåbu skole.

Sjå vedlegg: Læringsarbeid i aktive nærmiljøskoler med aldersblanding.

Historikk og argumentasjon rundt skolenedlegging i Noreg

I Noreg er det etter at øyremarka midlar til grunnskolen falt bort i 1987 og fram til 2013, lagt ned ca. 50 skolar pr. år. I 2002/03 var gjennomsnittleg elevtal i ein norsk skole 183 elevar, mens det skoleåret 2012/13 var auka til 207 elevar.

Etter 1980 er det i Nord-Fron lagt ned 3 skolar. Brekka skole blei slått saman med Barhaug skole i 1984, Kvikne skole saman med Barhaug skole i 1992 og Ruste skule saman med Barhaug skole i 2007.

Ei kartlegging i 2006 viste at fram til da, var økonomi hovudargumentet for å legge ned skolar. Nyare forskning, viser at det er omsynet til elevane si læring, som veier tyngst.

Thomas Nordahl meiner det er særst viktig at det er vurdering av om elevane får eit godt opplæringstilbod som må ligge til grunn når ein vurderer ein skole. Å vurdere å legge ned skolar ut frå økonomiske omsyn eller å behalde ein skole for å halde liv i bygda, er direkte feil, meiner Thomas Nordahl.

Eit anna argument i debatten om nærskole eller sentralisering, er avstanden til ein eventuell ny skole. Mange kommunar har oppretthalde små skolar mykje på grunn av at det er langt eller vanskeleg veg til ny skole.

Eit viktig moment for å beholde ungdomsskolen i Skåbu har vore at vegen mellom Skåbu og Vinstra er vanskeleg, spesielt på vinterstid. Sist vinter blei vegen utbetra og reiseavstanden mellom Skåbu og Vinstra er no i underkant av 30 min.

Overgang frå Skåbu ungdomsskole til vidaregåande skole

Ungdomsmiljøet i Skåbu er lite. For nokre elevane kan overgangen frå Skåbu ungdomsskole til ein stor vidaregåande skole med mange ukjente, vere stor og skremmande. Fleire av ungdomane frå Skåbu ungdomsskole deltek i dag i fritidsaktivitetar på Vinstra som kulturskole, ungdomsklubb og andre aktivitetar. Dei blir kjent med fleire som skal starte saman med dei på vidaregåande skole. Overgangen til vidaregåande blir kanskje lettare, men dei vil fortsatt gå frå veldig lite skolemiljø i Skåbu til ein etter måten stor vidaregåande skole.

Rekruttering undervisningspersonell til Skåbu oppvekst

Skåbu skole har godt kvalifisert personale. Vi ser likevel at det er større utfordring der enn på dei andre skolane, i å holde på og rekruttere når det er behov for utskifting. Skåbu skole er «mindre attraktiv enn dei andre skolane i kommunen», i hovudsak på grunn av avstanden frå sentrum i kommunen. Vi har ingen tilbakemelding på om dette er på grunn av at skolen er liten eller om årsaken er andre ting ved skolemiljøet.

Kretsgrenser

Lov om grunnskolen § 8-1 opnar for at «*Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.*»

Nord-Fron kommune har faste kretsgrenser. Kretsgrensene har vore endra i samband med endring av skolestrukturen og det er fleire gong gjort mindre justeringar, til dømes for å unngå at kretsgrensa går midt i bustadområde. Det er kommunestyret som vedtar kretsgrensene.

Sist endring av kretsgrensa var gjort i 2007 da Ruste skolekrets blei slått saman med Barhaug skolekrets.

Rådmannsleiinga si vurdering:

Administrasjonen legg fram sak om skolestrukturen med utgangspunkt i redusert elevtal generelt og med spesielt fokus på ungdomstrinnet i Skåbu.

Bakgrunn for administrasjonssjefen si vurdering ligg i tekstvedtak i K-styresak 64/09: «*Kommunestyret vedtek at ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst blir oppretthalde inntil vidare, i påvente av ei positiv elevtalsutvikling. Kommunestyret meiner vidare at den dagen elevtalet på ungdomssteget ved Skåbu oppvekst ikkje lengre støttar kravet til læring og fagleg utvikling, så må dette vurderast nærare gjennom ein grundig politisk prosess.*».

I vurderinga er det omsynet til elevane sitt sosiale miljø og læringsmiljøet for elevar og lærarar som må veie tyngst.

Forsking viser at det er andre faktorar enn skolestørrelse som er avgjerande for eit godt skole- og læringsmiljø. Likevel må vi erkjenne at det går ei nedre grense for kor liten ein skole kan vere, sjølv om det er vanskeleg å sette ei slik grense.

Skåbu oppvekst jobbar veldig godt og gjør mykje for å kompensere for at skolen har få elevar. Elevane oppnår gode resultat som ligg over gjennomsnitt i kommunen.

Størrelsen på skolen blir likevel ei utfordring når elevtalet på ungdomstrinnet neste skoleår er nede i 6 elevar og framover vil ligge på rundt 10 elevar.

Med så få å spele på, blir det vanskeleg å sikre elevane eit godt læringsmiljø som støttar kravet til læring og utvikling. I eit så lite miljø kan ikkje elevane velje venner og sjansen for at nokon ikkje trivs og finn seg til rette, er stor.

Andre område der vi ser at utfordringa er større ved Skåbu ungdomsskole enn ved større skolar, er ved rekruttering av undervisningspersonale. Det er større søknad til dei andre skolane i kommunen enn til Skåbu. Dette kan kome av avstanden til sentrum i kommunen der dei fleste ønskjer å bo, men det kan og vere at mange ønskjer seg til eit større fagmiljø.

Når det blir høgare krav til kompetanse for å undervising på ungdomstrinnet, kan det blir vanskeleg at så få lærarar skal dekke alle faga.

Desse utfordringane talar for at ein bør slå saman ungdomstrinna ved Skåbu og Vinstra ungdomsskole.

Vegen mellom Skåbu og Vinstra er utbetra siste året og avstanden frå Skåbu til Vinstra ungdomsskole bør ikkje lengre vere ei hindring for å slå saman ungdomsskolane.

Sjølv om Skåbu skole har god støtte i lokalmiljøet, ser vi og at det er foreldre som ser utfordringa med at miljøet blir «for lite» og meiner at elevane kan få det betre på ein større skole. Fleire elevar har fått innvilga søknad om skolebytte.

Fylkesmannen har vore involvert i fleire av sakene om skolebytte og seier gjennom sine vedtak at eit lite sosialt miljø, under 10 elevar på ungdomstrinnet, gir grunnlag for å få innvilga søknad om å bytte skole.

Det er større kostnad pr. elev ved ein liten skole enn ved større skolar. Ein elev på Skåbu ungdomsskole kostar meir enn tilsvarande på Vinstra ungdomsskole. Etter kalkyler som er gjort, vil innsparinga ved å flytte ungdomstrinnet frå Skåbu til Vinstra ungdomsskole vere i underkant av 1 mill. kroner årleg. Økonomi er ikkje avgjerande faktor i administrasjonen si vurdering av saka.

Om u-trinnet blir flytta frå Skåbu oppvekst, vil det fortsatt vere grunnlag for å ha barneskole i Skåbu. Så lenge ein har oppvekstsenter og ser heilheita i opplæringa, barnehage og barneskole saman, vil både elevmiljø og fagmiljø vere stort nok til å støtte kravet til læring og fagleg utvikling.

Ein reiseveg på 30 min for ungdomsskoleelevane er akseptabelt, mens det for dei minste elevane vil vere ei større belastning.

Kommunalsjef og administrasjonssjef informerte den 11.5.17 om bestillinga som er gjort til administrasjonen på personalmøte og foreldremøte.

Administrasjonssjefen ser at med det låge elevtalet som er og vil vere ved ungdomstrinnet i Skåbu i åra framover, er det overvekt av argument for å slå saman ungdomsskolane, dvs. at ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst blir lagt til Vinstra ungdomsskole.

Det er viktig at kommunestyret gir eit klart signal på om skolestrukturen, og om Skåbu ungdomsskole spesielt skal vurderast. Det er viktig å skape ro rundt saka og på den måten trygge både elevar, foreldre og tilsette slik at dei kan oppleve forutsigbarheit og kan planlegge framover innafor for den løysinga som blir bestemt, dersom kommunestyret vedtar at det skal gjørast ein formell prosess.

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for helse-, oppvekst og kultursaker og kommunestyret nå i juni 2017. Dersom kommunestyret ønskjer at det skal gjørast ei

konkret vurdering av skolestrukturen i Skåbu vil det vere nokre krav til saksgang framover.

Kommunen skal gi *forskrift* om kva skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Dette går fram av opplæringslova §8-1.

Etter forvaltningslova §37, skal foreldreutval og samarbeidsutval ved den enkelte skole, uttale seg *før* kommunen vedtar forskrifta. Det er eit generelt forvaltningsmessig prinsipp at slike saker skal vere grundig vurdert gjennom saksframlegg til kommunestyret og at berørte partar skal bli hørt før avgjerd blir tatt.

Saksgangen blir oppsummert slik:

1. Grundig saksutgreiing med vurdering av ungdomstrinnet v/ Skåbu oppvekst i forkant av vedtaket.
2. Saka blir lagt ut på høring. Som eit minimum skal foreldreråd v/FAU og samarbeidsutval få uttale seg. I saker som gjeld barn, skal ein i tillegg ta spesielt omsyn til barnas beste (Barnekonvensjonen, artikkel 3). Barnetalspersonen bør uttale seg. Andre kan og delta i høringa.
3. Kommunestyret skal bli gjort kjent med alle synspunkta som kjem fram i høringa, før endeleg vedtak om skolestrukturen blir tatt.

Administrasjonssjefen meiner at kommunestyret med dei momenta som følgjer denne saka har tilstrekkeleg grunnlag til å konkludere på om det skal startast ein prosess knytt til skolestruktur i Skåbu, primært om det er forsvarleg å halde fram med eige ungdomstrinn i Skåbu. Ut i frå utviklinga av elevtalet vi ser på ungdomstrinnet må kommunestyret gjøre seg opp ei meining om korleis tidlegare vedtak / tekstvedtak nå skal følgjast opp. Det kan tenkast at dato sett i pkt.3 i innstillinga evt. bør vurderast nærare i samband med kommunestyret si behandling.

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for helse-, oppvekst- og kultursaker med slik

Innstilling:

Utval for helse-, oppvekst- og kultursaker rår kommunestyret til å gjøre følgjande vedtak:

| | |
|----|---|
| 1. | Kommunestyret viser til prognose for elevtal på ungdomstrinnet i Skåbu som er pårekeleg komande år for å halde fram med å ha eige ungdomsskole ved Skåbu oppvekst. Prognose er vist i saksframlegget. |
| 2. | Kommunestyret vedtar at det skal startast eige sak der det blir vurdert om kommunen skal halde fram med eige ungdomstrinn ved Skåbu oppvekst. Slik sak skal sendast på høyring etter reglane i forvaltningslova §37. |
| 3. | Kommunestyret ber om å få sak knytt til oppfølging av pkt. 2 innan 1.3.2018. |

Administrasjonssjefen i Nord-Fron
Arne Sandbu

HOK-042/17 14.06.2017 Behandling:

Administrasjonen ga ei orientering om saka.

Olav Røssum la fram følgjande forslag til vedtak:

1. Kommunestyret viser til prognose for elevtal på ungdomstrinnet i Skåbu som er påreknelig komande år. Prognose er vist i saksframlegget.
2. Kommunestyret vedtek at ungdomstrinnet ved Skåbu Oppvekst blir oppretthalde.

Nord-Fron AP v/Ove Andre Øybrekken la fram følgjande forslag til vedtak:

- 1 Ungdomstrinnet i Skåbu opprettholdes. Skolen har satt i gang en rekke tiltak for å bedre læringsmiljø og det sosiale miljøet. Det er for tidlig å konkludere med hva slags resultat dette arbeidet gir. Kommunestyret skal holdes oppdatert om resultater av dette arbeidet.
- 2 Ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst skal evalueres årlig, gjennom den årlige tilstandsrapporten for grunnskolen. Her skal både læringsmiljø, læringsutbytte og det sosiale miljøet for elevene vurderes.

Samt prosjekt kultur-elevutveksling evalueres.

- 3 Dersom noen av måleparametrene i pkt 2 svekkes, eller at flere enn 2 elever søker seg vekk og får innvilga, skal det iverksettes en formell sak der det skal vurderes om kommunen skal fortsette med ungdomstrinnet i Skåbu. Administrasjonen må følge dette tett.
- 4 Nord-Fron kommune har en ekstra kostnad ved å opprettholde ungdomsskole i Skåbu. Det kan være at kommunen i framtida får mindre penger til å opprettholde dagens tilbud. I en situasjon der kommunen må spare penger, kan det også bli aktuelt å vurdere ungdomstrinnet i Skåbu.

Avrøysting:

Det var 6 medlemmar til stades under avrøystinga.

Olav Røssum sitt forslag pkt. 1 og 2 fall med 3 mot 3 røyster, i og med at møteleiari røysta mot forslaget.

AP sitt forslag vart votert over punktvis :

Pkt. 1: Forslaget frå AP fekk 3 mot 3 røyster.
Forslaget frå AP vart vedtatt med møteleiaren si røyst.

Pkt. 2: Forslaget frå AP fekk 3 mot 3 røyster.
Forslaget frå AP vart vedtatt med møteleiaren si røyst.

Pkt 3: Forslaget frå AP fekk 3 mot 3 røyster.

Forslaget frå AP vart vedtatt med møteleiaren si røyst.

Pkt 4: Forslaget frå AP fekk 3 mot 3 røyster.

Forslaget frå AP vart vedtatt med møteleiaren si røyst.

HOK-042/17 14.06.2017 Vedtak:

Utval for helse-, oppvekst- og kultursaker rår kommunestyret til å gjøre følgjande vedtak:

| | |
|----|--|
| 1. | Ungdomstrinnet i Skåbu opprettholdes. Skolen har satt i gang en rekke tiltak for å bedre læringsmiljø og det sosiale miljøet. Det er for tidlig å konkludere med hva slags resultat dette arbeidet gir. Kommunestyret skal holdes oppdatert om resultater av dette arbeidet. |
| 2. | Ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst skal evalueres årlig, gjennom den årlige tilstandsrapporten for grunnskolen. Her skal både læringsmiljø, læringsutbytte og det sosiale miljøet for elevene vurderes. Samt prosjekt kultur-elevutveksling evalueres. |
| 3. | Dersom noen av måleparametrene i pkt 2 svekkes, eller at flere enn 2 elever søker seg vekk og får innvilga, skal det iverksettes en formell sak der det skal vurderes om kommunen skal fortsette med ungdomstrinnet i Skåbu. Administrasjonen må følge dette tett. |
| 4. | Nord-Fron kommune har en ekstra kostnad ved å opprettholde ungdomsskole i Skåbu. Det kan være at kommunen i framtida får mindre penger til å opprettholde dagens tilbud. I en situasjon der kommunen må spare penger, kan det også bli aktuelt å vurdere ungdomstrinnet i Skåbu. |

KOM-055/17 20.06.2017 Behandling:

Heidi Maurstad tok opp spørsmålet om sin habilitet i behandlinga av saka.

Adm.sjef viste til forvaltningslova §6, 2. ledd (andre særeigne forhold) og

kommunestyret fann at ho var inhabil og Heidi Maurstad deltok ikkje i behandlinga av saka. Anne Sofie Møller var kalla inn som vara for Heidi Maurstad.

Det var kome eit brev frå Arbeidsgruppe for å beholde ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst v/Jorunn Blekastad, FAU v/Pål Hallvard Virik og Skåbu Utvikling v/Per Steinar Brendløyken datert 20.06.17.

Nord-Fron AP v/Anne Marie Olstad la fram følgjande forslag til nytt vedtak:

1. Ungdomstrinnet i Skåbu opprettholdes. Skolen har satt i gang en rekke tiltak for å opprettholde det gode læringsmiljøet og det sosiale miljøet. Dette gjelder både arbeid innen entreprenørskap og internasjonaliseringsprosjektet. Kommunestyret skal holdes oppdatert om resultater av dette arbeidet.

2. Ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst skal evalueres årlig gjennom tilstandsrapporten for grunnskolen. Her skal både læringsmiljø, læringsutbytte og det sosiale miljøet for elevene vurderes. Resultatene fra denne tilstandsrapporten skal brukes for å sikre en god skole for elevene i Skåbu og unngå at elever søker seg bort.

Nord-Fron SP v/Olav Røssum la fram følgjande forslag til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at ungdomstrinnet ved Skåbu Oppvekst blir oppretthalde.

Nord-Fron H v/Ragnar Jacobsen la fram følgjande forslag som er administrasjonen si innstillinga:

1. Kommunestyret viser til prognose for elevtal på ungdomstrinnet i Skåbu som er pårekneleg komande år for å halde fram med å ha eige ungdomsskole ved Skåbu oppvekst. Prognose er vist i saksframlegget.
2. Kommunestyret vedtar at det skal startast eige sak der det blir vurdert om kommunen skal halde fram med eige ungdomstrinn ved Skåbu oppvekst.

Slik sak skal sendast på høyring etter reglane i forvaltningslova §37.

3. Kommunestyret ber om å få sak knytt til oppfølging av pkt. 2 innan 1.3.2018.

Votering:

HOK sitt forslag til vedtak fall - enstemmig.

Høgre sitt forslag fall med 3 mot 22 røyster.

Sp sitt forslag fall med 9 mot 16 røyster.

AP sitt forslag vart vedtatt med 13 mot 12 røyster.

KOM-055/17 20.06.2017 Vedtak:

| | |
|----|---|
| 1. | Ungdomstrinnet i Skåbu opprettholdes. Skolen har satt i gang en rekke tiltak for å opprettholde det gode læringsmiljøet og det sosiale miljøet. Dette gjelder både arbeid innen entreprenørskap og internasjonaliseringsprosjektet. Kommunestyret skal holdes oppdatert om resultater av dette arbeidet. |
| 2. | Ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst skal evalueres årlig gjennom tilstandsrapporten for grunnskolen. Her skal både læringsmiljø, læringsutbytte og det sosiale miljøet for elevene vurderes. Resultatene fra denne tilstandsrapporten skal brukes for å sikre en god skole for elevene i Skåbu og unngå at elever søker seg bort. |